

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 20/2003

Møtedato: 26.3.03

Arkiv nr: S 734

S 734, BUKONO – SØKNAD OM NYTT SEL

Magne Gardshaug har søkt om å få føre opp nytt sel på 48 m². Søkjaren fekk i sak 17/2000 løyve til å byggje på eksisterande sel med 11 m² til på 51 m².

Det nye selet er tenkt plassert mellom stølstunet og tilleggsjorda der det nye fjøset står. Plassering er vist på vedlagt skisse.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog har opplyst at selet ikkje bør plasserast utanfor stølstunet, alternativt så må eksisterande bygningar flyttast til nytt tun.

I sak 15/2003 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret finn ikkje å kunne godkjenne søknaden om bygging av nytt sel utanfor stølstunet. Om søkjaren finn ei plassering i eksisterande stølstun, vil fjellstyret vurdere søknaden på nytt.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan det klagast over vedtaket. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

I brev datert 20.2.03 skriv Magne Gardshaug nærare om bakgrunn for søknaden. Det gamle selet vart restaurert for å kunne nyttast til kårstel. Søkjaren finn det er for tungvindt å ha selet 250 meter frå fjøset (200 meter i følgje kart). Gardshaug skriv at han er open for framlegg frå fjellstyret.

Søkjaren har fått løyve til tilbygg på sel (sak 17/2000) og til bygging av nytt uthus (sak 36/1996). Det vart då ikkje orientert om at selet var planlagt å nyttast til kårstel. I 1983 vart også søkt om å få føre opp sel på same stad som i noverande søknad og dette vart ikkje godkjent.

VEDTAK:

Fjellstyret finn ikkje å kunne gi løyve til bygging på dei vilkår som er skissert i søknaden. Selet må plasserast i stølstunet, alternativt så må eksisterande bygningar flyttast til nytt tun.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 1.4.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Magne Gardshaug, 2960 Røn